



# JOHN MCGRATH: BAKKES STORE NATT





b15g 01717)

# JOHN MCGRATH

## BAKKES STORE NATT

Bakke

Olin

Presten

Cellevakta

Gangvakta

Tillitsmannen

Soames

Contina

Barberen

NILS SLETTA

JACK FJELDSTAD

ALF MALLAND

TORGEIR FONNLID

SIGMUND SIMONSEN

KNUT HULTGREN

WILFRED BREISTRAND

MAGNE LINDHOLM

INGVAR GRØTTING

---

Omsett av

Regi:

Dekor:

Inspisient:

Rekvisitør:

Sufflør:

ODD-JAN SANDSDALEN

JON HEGGEDAL

SNORRE TINDBERG

EGIL ROLLAND

ELLEN MARIE SAND

ELSA ISEFIÆR



---

Teaterforlag: Carl Strakosch A/S & Olaf Nordgren

Programredaksjon: Haldis Hoaas

Foto: Sturlason

Trykk: Norsk Prent L/L, Oslo



## OM JOHN MCGRATH

John McGrath vart fødd i 1935. Familien var irske immigrantar, og han voks opp i sør-Wales. 16 år gammal flytta han til Cheshire, der han hadde fleire slag jobbar, m.a. som gardsarbeidar og ved jernbanen. Da han vart 18, gjekk han inn i hæren, og tenestgjorde i Egypt, Jordan, Malta, Tripoli og Tyskland, for det meste i artilleriet.

I 1955 fekk han eit legat til å studere engelsk ved St. John's College i Oxford. Han byrja skrive — først dikt og noveller, men etter kvart skodespel òg. Han redigerte magasinet «Departure». Det første stykket hans, «A Man Has Two Fathers», vart framført av Oxford University Dramatic Society, og seinare vart det sett opp på Oxford Playhouse. «The Tent», det andre skodespelet hans, vart spela på Royal Court ein søndag — på denne måten introduserer Royal Court nye skodespel og nye dramatikarar, søndagsframsyningane er utan særleg dekor og kostyme, dei er nærmast ei «play reading» med profesjonelle skodespelarar. Stykket vart seinare sendt som høyrespel i BBC, på «the third programme». Det tredje stykket hans, «Why The Chicken», stod på programmet hos ei av dei små, frie teatergruppene (den såkalla «fringe») under festivalen i Edinburgh i 1959.

Dei neste fire åra livnærte han seg som free-lance forfattar og instruktør, og arbeidde mest for TV. Han arbeidde med «Z Cars», «Diary of a Young Man» og to ulike filmseriar for BBC 2. Han var instruktør for skodespel av Johnnie Speight, Edna O'Brien og Tom Murphy, før han gav opp instruktøryrket til fordel for skrivninga.

Han skreiv så skodespelet «Events While Guarding The Bofors Gun», som sidan vart filma under tittelen «The Bofors Gun» med Nicol Williamson i hovudrolla. Deretter kom «Bakke's Night of Fame», basert på romanen «A Danish Gambit» av William Butler. Han var blitt kjend med Ken Russell mens hans arbeidde for TV, og skreiv

manus for Russells film «The Billion Dollar Brain». Han skreiv filmmanus for «The Reckoning», der Nicol Williamson spela hovudrolla. Han har òg arbeidd med manuset til «Voss», nobelprisvinnaren Patrick Whites roman som skal filmast i Australia.


På Edinburgh-festivalen i 1970 vart skodespelet «Random Happenings in the Hebrides» presentert, og «Unruly Elements» vart spela på Everyman Liverpool i 1971. Han skreiv «Trees in the Wind» for 7.84 Theatre Company i



1971, den populære rock-komedien «Soft or a Girl» for Everyman Liverpool, og «Underneath» for 7.84 Theatre Company. «The Fish in the Sea» hadde premiere på Everyman i Liverpool seint i 1972, og «The Cheviot, the Stag and the Black Black Oil» vart presentert av 7.84 Theatre Company.


Det er for tida McGrath som driv 7.84 Theatre Company, som han sjølv karakteriserer som ei «omreisande sosialistisk underholdningsgruppe». Dei arbeider over heile England og Skottland, og er for tida ute på turné med John Arden og Margaretta D'Arcys «The Ballygombeen Bequest» og med



John McGraths omarbeiding av John Ardens «Serjeant Musgrave's Dance». «Bakke's Night of Fame» hadde sin London-premiere på Shaw Theatre i oktober 1972, med Hywel Bennett som Bakke i Peter James' regi.



**WILLIAM BUTLER**, som har skrivne romanen «Bakkes store natt» er basert på, er amerikanar, fødd i 1929 i Portland, Oregon. Han har arbeidd som programsjef ved ein radiostasjon i USA, som teikneserieteiknar i Tokyo, som universitetslektor i engelsk ved Kita-Kyushu-universitetet og ved Kanagawa-universitetet i Japan, og som universitetslektor i litteratur ved Bennington College i Vermont.

Han har gitt ut desse bøkene: «The Experiment» (1961), «The Butterfly Revolution» (1962), «The House at Akiya» (1963), «Mr. Three» (1964), «The Ring in Meiji» (1965), «Cire Perdue» (1967), «A Danish Gambit» (1968 – det er denne romanen som ligg til grunn for «Bakkes store natt»), «Spying at the Fountain of Youth» (1968), «A God Novel» (1969), «Man in a Net» (1971), «The Bone House» (1971), «The Pseudologia» (1971). I tillegg har han skrivne i ei rad velkjende tidsskrift og magasin, t.d. «The Paris Review», «The London Magazine», «Harper's Magazine», «The Critic», «The Cornhill» og «Harpers Bazaar».






Mykje av spenninga i «Bakkes store natt», ligg i det at vi aldri kan vere heilt visse på om Bakke verkeleg er Bakke, om han er skuldig i det mordet han er dømd for, eller om han har tatt på seg skulda fordi han ønskjer å døy, fordi han ønskjer å finne ut meir om seg sjølv — kva er spel, kva er røyndom, kva er sanning og kva er løgn? I norsk lovverk finst eit kuriosum, ei forordning frå 18. desember 1767, som viser korleis ein handsama menneske som drap fordi dei sjølve ønskte døden, men ikkje turde ta sitt eige liv fordi dette tydde evig pine i helvete. Vi siterer utdrag frå forordninga:



Forordning Angaaende Delinquenters Afstraffelse, som uden foregaaende Aarsag, alene for at gjøre en Ulykke og derved at miste Livet, ombringe andre.

Da det, i Anledning af de nu paa nogen Tid saa ofte forøvede forsætlige Mord paa uskyldige Børn og andre, er bragt i Erfaring, at Fr. 7 Febr. 1749, som skierper Straffen for dem, der, uden nogen foregaaende Tvistighed eller dertil given Aarsag, begaae forsættlig Mord paa de dem i Møde kommende Personer, ikke saa fuldkommelig har opnaaet den derved intenderede Hensigt; Ligesom Livsstraf ej heller synes saa aldeles at passe paa den Misdæder, der ønsker sig Døden og er kied af Livet, og af saadan Kiedsommelighed lader sig forlede til at begaae et forsættligt Mord paa en uskyldig Person; Saa bliver den, for slige melankolske og tungsindede Mennesker, der dog ikke kan ansees at være berøvede Forstandens Brug, som begaae saadant forsættligt Mord, ved bemeldte Fr. fastsatte Dødsstraf forandret til en anden daglig og vedvarende Straf, Lidelse og Forhaanelse, som, efter Misdæderens Gemyts-Beskaffenhed og Tænkemaade, eragtes mere beqvem til at opnaae Straffens Hensigt, nemlig, Undersaatternes Sikkerhed og Roelighed.









## OMKRING DØDSSTRAFF

Tankane omkring kva slags brotsverk som skulle straffast med døden, har endra seg svært mykje gjennom tidene, det same gjeld avrettingsmetodane. Vi kan nemne døme frå gammal tid: dersom ei kone stal nøklane til mannen sin vinkjellar, dømde den tidlege romerske republikken henne til døden. Hammurabis lov hadde dødsstraff dersom ein ikkje følgde reglane for ølsal, og etter persisk lov var ein skuldig til døden dersom ein sette seg på kongetrona. Avrettingsmetodane var jamt over barbariske sett med våre auge – avrettinga var ei folkeforlysting der variasjon var stikkordet: den dømde kunne bli brend, kokt i olje, kasta til utsvelta ville dyr, piska ihel, drukna, knust, korsfesta, steina, spidda, kvalt, riven i filler – det fanst eit utal ulike metodar. Som oftast vart fangen torturert på førehand.

I dag har vi framleis dødsstraff i store delar av verda, men avrettingsmetodane har endra seg – heldigvis. Det vanlegaste i dag er å bli hengd, skoten, sett i den elektriske stolen eller plassert i gasskammeret.


I USA – der «Bakkes store natt» utspelar seg – har ein dødsstraff i dei føderale lovene, i District of Columbia og i 41 statar. I dei siste åra har ein i USA som i andre vestlege land hatt sterke kampanjar mot dødsstraff – Caryl Chessmann, som kjempa i 12 år for å unngå gasskammeret og skreiv fleire bøker medan han sat i døds-cella, fekk mange til å tenkje omatt i spørsmålet om dødsstraff.



Dei brotsverka som oftast medfører dødsstraff, er mord og landssvik, og tendensen i alle land er å redusere talet på andre brotsverk som kan straffast med døden. I USA, til dømes, finst i alt desse 8 brotsverk på lista (når ein ser bort frå det militære lovverket): landssvik, mord, kidnapping, voldtekt, væpna ran, innbrot, brann-

stifting og øydelegging av tog(!). Likeins går tendensen mot ikkje å idømme dødsstraff dersom det kan forsvarast å la vere. Tidlegare måtte ein dommar idømme dødsstraff for visse brotsverk, i dag er avgjerda valfri i dei fleste tilfella. Avrettingsmetoden fordelar seg i USA på denne måten: 23 statar og District of Columbia nyttar den elektriske stolen, 11 statar har valt gasskammeret, 7 hending og ein – Utah – let fangen få valet mellom hending og eksekusjonspeletong.

I diskusjonen om nytten ved å ha dødsstraff – ein diskusjon som dei seinare åra har vore svært hissig i dei fleste vestlege land der ein framleis har dødsstraff – har argumenta samla seg i følgjande hovudgrupperingar:

a) Det argumentet som oftast blir framført, er at dødsstraff verkar avskrekkande, at redsla for døden held folk frå å gjere brotsverk dei elles ville ha gjort. Vi har lyst til å ta med eit sitat som illustrerer motstandarane sitt syn på dette argumentet. Sitatet er henta frå boka «Meet the Murderer!» av Lewis E. Lawes (New York 1940): «Før avrettinga av Morris Wasser, da eg fortalde han at regjeringa hadde avslått ein søknad om utsetjing i siste augneblinken, sa han bittert: 'All right, vaktar, det spelar ikkje særleg rolle kva eg seier nå om dette her systemet med å brenne ein kar, men eg vil gjerne gjere ein ting klårt for deg.' 'Kva er det?' spurde eg. 'Vel, desse greiene med elektrisk stol og dette her, det er berre tull. Det gjer ingen nytte, seier eg, og eg veit det, for eg tenkte aldri på stolen da eg plaffa ned han gamle fyren. Og eg ville sannsynlegvis gjere det same om att dersom han terga det fram i meg.' 'Meiner du,' sa eg, 'at du ikkje synest du har gjort noko gale ved å ta livet av eit anna menneske?' 'Nei, vaktar, det er ikkje det,' sa han utolsamt. 'Eg meiner at du tenkjer berre ikkje på det heite setet når du trekkjer av. Det er noko







inni deg som får deg til å drepe, fordi du veit at dersom ikkje du stengjer døra for han, er det teppet ned for deg sjølv.' 'Eg skjønar. Så du tenkte aldri den gongen på kva som ville hende med deg.' 'Ikkje i helvete! Og det er haugar av karar her inne, Harry og Brick og Luke, dei seier alle det same.

Eg kan love deg at det derre heite setet vil aldri stoppe ein kar frå å trekkje av.' Det var Wassers teori, og eg har høyrte det same mange gonger sidan.»

b) Eit ønske om hemn i dei brede lag av folket etter eit særskilt grufullt brotsverk, er eit anna argument. Straf-





fa skal stå i forhold til brotsverket, for at folk skal få ei kjensle av at rettferd og moral er dei herskande prinsipp i samfunnet.

c) Einskilde hevdar at det er meir økonomisk å ta livet av fangar enn å halde dei i fengsel på livstid. Men dette er eit argument som finn mindre og mindre atterklang — ført til det ekstreme skulle dette tyde at det ville løne seg å ta livet av alle fangar og slutte med fengsel og institusjonar. Dertil kjem at fangane finansierer ein del av opphaldet sitt gjennom det arbeidet dei utfører i fengslet.

d) Det fjerde argumentet i diskusjonen er at det er naudsynt å verne samfunnet mot farlege forbrytarar, og at den einaste verkelege løysinga på det problemet er dødsstraff, sidan livstidsfangar nesten alltid slepp ut etter ein del år.

Jamvel om motstandarane av dødsstraff i USA har vunne fleire singlar dei siste åra, er det tydelegvis framleis eit fleirtal i folket for dødsstraff når det gjeld dei alvorlegaste brotsverka.

(Denne oversikta er basert på ein leksikonartikkel av Robert G. Caldwell frå State University of Iowa.)

## SPELPLANEN PÅ DET NORSKE TEATRET

På Hovudscenen:

**Gustaf af Geijerstam**

**STORE-KLAS OG  
VESLE-KLAS**

Regi: Kjetil Bang-Hansen,  
scenografi: Anna Gisle.

**HENRIK IBSEN**

**ET DUKKEHJEM**

Regi: Elisabeth Bang og Pål Skjønberg,  
scenografi: Arne Walentin

**Bertolt Brecht**  
**SVEJK I ANDRE VERDSHRIGEN**

Regi: Svein Erik Brodal,  
scenografi: Guy Krohg og Snorre Tindberg.

På Scene 2:

**SO VANDRA DEI TIL MÖTE**

Ein vise- og lyrikk-kveld med TONE RINGEN  
Scenisk tilrettelegging: Bjørn Jensen.

**Jean Cocteau**  
**menneskerøysta/  
den likesæle**

Regi: Gunnar Skar,  
scenografi: Guy Krohg.



